



Radøy Idrettslag  
Olav Steinar Namtvedt  
5939 SLETTA

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 18/2321 - 18/16002

Saksbehandlar:  
Bente Kopperdal Hervik  
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:  
05.11.2018

## Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning - garderobeanlegg Austmarka - anleggsnummer 73562

Me har motteke søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning for garderobebygg i Austmarka datert 27. september 2018 og utgreiing om planar for univsersell utforming av anlegget 30. oktober.

### Kommunal plan og behovsvurdering

Garderobeanlegget skal byggjast ved sidan av kunstgrasbana i Austmarka. Bana vert nytta til treningar og kampar av fleire av fotballaga til Radøy/Manger fotballklubb, som er leigetakar. Per i dag vert garderobeanlegget ved Sæbø skule nytta. Denne løysinga gjer at laga er avhengig av tilgang til Sæbø skule, som ligg kring 350 meter frå bana, for å ha tilgang til garderobar og møtelokale. Det er såleis eit behov for eit garderobebygg og møterom i tilknytning til fotballbana.

Tiltaket vart prioritert på sjetteplass blant ordinære anlegg ved rulleringa av handlingsplanen i kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø for Radøy kommune 2016-2026 i 2018.

### Kostnadsoverslag og foreløpig plan for finansiering og drift av anlegget

Dokumentasjonen er gjennomgått. Dokumentasjon av leigetilhøve må leggjast ved søknad om spelemidlar.

### Universell utforming

Planane for universell utforming av anlegget er gått gjennom, og viser at bygget er planlagt med tanke på universell utforming.

Radøy idrettslag har sendt teikningar til kultur- og idretsavdelinga i Hordaland fylkeskommune med tanke på vurdering av tilretteleggjring av garderobar og toalettloysing for handikappa. Hordaland fylkeskommune har godkjent at det ikkje er inngang til handikap-toalett frå nokon av garderobane, med unntak av dommargarderoben. Inngang til handikap-toalett er frå gang.

### Planane er vurderte og godkjende med følgande føresetnader:

- Det må vera tilstrekkeleg med handikap-parkeringsplassar ved inngangen. Anlegget må vera i tråd med rettleiaren "Universell utforming av idretts- og nærmiljøanlegg" (V-0511 B).

Godkjende, stempla teikningar er lagt ved dette brevet. Godkjenninga gjeld for to år, og ein må sette i gang byggearbeida innan desse to åra. Dersom ein ikkje gjer dette, må ein søke om forlenga idrettsfunksjonell godkjenning. Vert planane for anlegget endra, må ein senda nye, oppdaterte planar inn til ny idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning.

Dersom byggearbeida er sett i gang før idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning er gjeven, fell moglegheita for å kunne søke om spelemidlar vekk.

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning gjev ikkje garanti for tilskot frå spelemidlane, men skal følgja som vedlegg til spelemiddelsøknaden.

Med helsing

Anne Dahle Austrheim  
Leiar kultur- og sørvistorget

Bente Kopperdal Hervik  
rådgjevar kultur

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**  
godkjende planar

**Mottakarar:**

Radøy Idrettslag

Olav Steinar Namtvedt

5939

SLETTA